



Samarbeidsutvalsmøte 07.04.2021

Referat

Møtet vart gjennomført på Skype. Desse var logga inn: Mariell Skildheim, Randi Erdal, Johanne Viken Sandnes, Camilla Kalland Olset, Britt Kleivan Urnes, Mona Elin Kleiva, John Aarberg, Hans Gunnar Ustad, Elin Hagen.

Sak	Handsaming	Referat
Velkomen		
Barnehageplan Sunnfjord kommune	Orientering	<p>Det er utarbeida ein barnehageplan basert på innsparingskrav, fødselstal, bustadutbygging og nye skulekrinsar.</p> <p>Eit viktig grep for å greie innsparingskrava er å fylle opp avdelingar, og avvikle drift på enkelt avdelingar der det er overkapasitet.</p> <p>Det får konsekvensar for fleksibilitet i barnehagetilbodet.</p> <p><i>Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak :Formannskapet vedtek å legge plan for framtidig bruk av barnehagar i Sunnfjord kommune, dagsett 18.03.21 ut på høyring.</i></p> <p><i>I forkant av møte i utval for oppvekst og formannskap kom følgjande fellesframlegg:</i></p> <p><i>Formannskapet vedtek å utsetje høyringa av plan for framtidig bruk av barnehagar i Sunnfjord kommune til hausten 2021</i></p> <p><i>Før ny behandling må det føreligge utgreiing av barnehagestrukturen i region Førde</i></p>



		<p><i>For barnehageopptaket, barnehageåret 2021/2022 må ein ta sikte på mest mogeleg fulle avdelingar, men sikre tilstrekkeleg fleksibilitet ved fortløpande opptak av barn</i></p> <p><i>Før planen vart lagt fram igjen skal det utgreiast korleis ein kan sikre mest mogeleg effektiv drift av barnehagane i Sunnfjord kommune</i></p> <p><i>Godkjenne kommunale barnehagar etter eigne vedtekter i Sunnfjord kommune</i></p> <p><i>Med utgangspunkt i framlegg frå kommunedirektøren og fellesframlegg vart det alternativ avrøysting:</i></p> <p><i>Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd</i></p> <p><i>Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall</i></p>
Opptak 2021	Orientering, drøfting og uttal	<p>Sjå utsendt informasjon om aldersfordeling</p> <p>Uttale: Det må vere opp til pedagogane å finne beste løysingane for barnegruppa. Sikre god fordeling på alderen på gruppene. Vi ønskjer eit godt førskuletilbod som sikrar samhald på tvers. Minst mogleg rokking på ungane.</p>
Personalsituasjonen august 2021	Orientering	<p>Vi har ledig to stillingar som pedagogisk leiar og tre stillingar som barnehagelærar. Når opptaket er avslutta veit vi om desse stillingane skal lysast ut eller om vi får overført overtalige pedagogar frå andre barnehagar.</p>



Personalsituasjonen innmeldt sak	Problemstilling -drøfting	<p>Mitt første møte med barnehagen var eit felles informasjonsmøte om fokus på mobbing og utestenging, og viktigheita av å «fange opp» dette på eit tideleg stadiet, og å «sjå borna». Dersom det er eit overordna mål så burde berre det i seg sjølv vere grunn nok til å bruke meir midlar på den viktigaste ressursen for å få det til; barnehageansatte. Dette temaet gjeld også vel så mykje dei ansatte, og korleis dei har det på jobb. Å føle at kvardagen er ein kabal som berre må gå opp, er i mine auge ikkje ein tilfredsstillande arbeidsdag.</p> <p><i>Bemanningsnorm er ein vaksen pr tre barn under tre år, og ein vaksen pr seks barn over tre år. Den reelle bemanninga er delar av dagen mindre pga:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Opningstid gjer at personalet er fulltalig frå 09:00-14:30</i>• <i>Barnehagelærarar, verneombod og assistentar/fagarbeidarar skal avvikle plantid, pausar og nødvendige samarbeidsmøter i arbeidstida</i>• <i>Barnehageborn har i stor grad dagar på over 7,5 time</i> <p>Foreldrerepresentantane utarbeider eit skriv til politikarane i Sunnfjord kommune, for å orientere om sitt synspunkt bemanningssituasjonen i barnehagar.</p>
Barnehagesatsinga	Orientering	Presentasjon av trepartssamarbeidet (Verneombod, tillitsvalde og leiing) i Solsida Barnehage
Satsingsområde	Orientering	Barnehagesatsinga og Inkluderande barnehage -kollegarettleiing.



Dugnad	Val av ansvarlege	Personalet utarbeider liste over arbeidsoppgåver ein ynskjer utført. Representantane organiserer dugnad innanfor smitteverntreglane. Styrar ber om godkjenning av planen frå smittevernlege før vi gjennomfører. Det vert ikkje servering, og dugnaden vert utført i mindre puljar.
17.mai	Val av ansvarlege?	Johanne hentar fana viss det vert tog. –Styrar sender ut epost med spørsmål om kven som kan bære fana, viss det vert aktuelt.
Fotografering	Orientering, drøfting, vedtak.	Tilsette opplevde at fotografering fungerte dårleg, særleg for dei yngste borna. Vi vedtok difor gruppefoto og 4 års foto. Nokre foreldre sakna syskenfoto. Fotograf var ikkje interessert i kun gruppefoto. Våren 2020 vedtok vi at vi skulle ta gruppebilde sjølv. Korleis distribuere gruppebilde? Epost. Styrar sender ut ei orientering om at avdelingane tek bilde sjølv og sender det til føresette på epost.
Tradisjon for skulestartarane	Orientering - idemyldring	Tidlegare: overnatting i barnehagen, overnatting på Langeland. Tradisjon med overnatting har vore utfordrande for barnehagen å gjennomføre, både knytt til personalkabal, økonomi og logistikk. Det har vore ei stor oppleving for dei som greier/får lov å gjennomføre. (Ekskluderande for dei som ikkje er med?) Etter to år med korona har vi ikkje det same forventingspresset frå skulestartarane, tradisjonen er broten. Tid for å tenkje nytt?



		Dagstur er heilt ok. Det må vere ein fin og verdig sermoni. Det er stort med overnatting, men kanskje det å vere igjen i bhg etter stengetid og kan gjerast ganske magisk? Sabeltan.
Foreldremøte våren 2021	Orientering	Det vert ikkje arrangert foreldremøte våren 2021
Årsplan – elektronisk framtid		Vi er ikkje klar for kun elektronisk plan endå. Kwart barn får ut ein plan i papir, det er mogeleg å hente ned planen elektronisk på heimesida til barnehagen.
Smittevern	Innspel	Veldig bra at føresette får lov å gå inn på garderoben, håpar det held fram slik.